

Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Lindås 25.5.2017

Seniorbustader på Lindås.

Ideskisse - arbeidsgrunnlag for vidareføring av mogeleg prosjekt.

Viser til kontakt vi hadde med Frøydis Ones på planavdelinga om denne saka tidlegare i mai og det vi oppfatta som positiv interesse for ideen. Med tanke på vidare arbeid prøver vi her å konkretisere tankane våre om prosjektet så langt, pluss eit forslag om korleis vi kanskje kan komme vidare.

Prosjektet

Med seinorbustader meiner vi bustader for personar over ei viss aldersgrense,- td 55 år. Aldersgrensa meiner vi må fastsettest som del av planarbeidet.

Kva det må innehalde.

Bueingar med livsløpsstandard og varierende storleik. Talet er naturleg nok usikkert men 10 til 15 kan vere eit utgangspunkt.

Aktuelle krav/ønskjer.

Bustadane bør liggje rundt eit privat tun/uteområde og slik at bustader og uteområde framstår som ei gruppe.

Kvar bustad må ha utebod og ein liten privat uteplass, eller veranda, mest mogeleg solrik og best mogeleg skjerma mot vind og innsyn.

Bustadgruppa må ha to fellesrom.

- Eit for besøksovernatting når det er trong for fleire sengeplassar enn det som er i bustaden.
- Eit rom med kjøkken som kan brukast både til bebuarsamkomer og til servering av mat. Dette rommet må ha eigen utgang slik at det kan opnast opp mot og brukast saman med det private tun/uteområdet.

Bustadane og området må planleggjast for ny teknologi.

Tilkomst/haldeplass for drosje nær bustadane og gangveggar fram til kvar inngang.

Felles garasjeanlegg med plass for 1 bil pr husvære.

Eigar/leigetilhøve til bustadane.

Dei modellane vi ser føre oss er :

1. Sameige med sjølv eigande bueiningar, der sameiget eig, vedlikeheldt og driftar fellesrom og alle utvendige fellesanlegg. Bustadeigar kjøper husværet og betaler i tillegg leige for sameiget sine utgifter.
2. Privat burettslag som eig og driftar heile anlegget, og bebuarane betaler innskot og husleige.

Vårt utgangspunkt er at modell 1 må nyttast.

Lokalisering.

Vi meiner at prosjektet må lokaliserast til Åtun v/Lindås senter jf vedlagt kartskisse. Kort, flat og trafikktrygg tilkomst til senteret er viktige lokaliseringsfaktorar.

Dette er areal som er eigd av Tomteselskapet og som i kommuneplanen er sett av til friområde. Det kan og vere aktuelt å komme inn på naboeigedomen som i kommuneplanen er avsett til næringsareal, der Tomteselskapet har festekontrakt. Faktisk arealbehov må avgjerast i føreståande planprosessar.

Vidare arbeid.

Så langt er det heile ei ideskisse til eit prosjekt som vi har tru på vil vere eit godt tiltak for Lindåsbygda.

For å finne ut om vi har rett i dette og i neste omgang realisere prosjektet, må vi få i stand eit samarbeid mellom dei sentrale partane i saka.

I denne innleiande fasen er det: - Kommunen, grunneigar og kjøparar av tomtane,

Kommunen.

Må gjennom eit positivt politisk vedtak ta ideen/prosjektet med inn i den føreståande revideringa av kommuneplanen.

Tomteselskapet (grunneigar og festar)

Må og synes at prosjektet er verdt å prøve ut.

Det vi håper er at tomteselskapet kan gje prosjektet opsjon med rett til kjøp, av tilstrekkeleg areal i aktuelt område. Opsjonen bør gjelde i ein tidsperiode på 1 - 2 år, eller fram til den reviderte kommuneplanen er ferdighandsama.

Framtidige kjøparar.

Så lenge dette er ei ideskisse og innspel til kommuneplanen kan det vere pensjonistlaget ved underteikna som i innleiande fase representerer den framtidige kjøpargruppa.

Dersom kommunen og tomteselskapet er positive, kan vi i ein innleiande fase arbeide aktivt for å skape blest om og interesse for prosjektet, samt vere kontakt og medspelar i det arbeidet tomteselskapet og kommunen må gjere for å få prosjektet fram

Ein arbeidsstart kan vere eit møte med kommunen, tomteselskapet og oss, for å finne ut korleis saka best kan arbeidast med vidare.

Vi vonar dei tankane vi har presentert her kan vere med å få etablert denne type bustader på Lindås og ser fram til tilbakemelding.

Mvh

Lindås pensjonistlag

Kjell Hauge

Tlf 97008079

kahauge@online.no

Arne Aven

Tlf: 91852483

aaven@online.no

Likelydane brev sendt: Lindås kommune

Vedlegg. Kartskisse med ønska lokalisering.